



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Desember 2025

68. årgang



Lysmesse i Gulen kyrkje 30.11.25, ved Håkon Økland Kinsarvik og alle konfirmantane i Gulen. Foto: I.H.H

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

REDAKSJON: Anne Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
482 28 353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.
VIPPS: 706144.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. hk482@kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

Fri fredag.

KONTORSEKRETÆR:

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586
ms859@kyrkja.no. Kontor tysdag og torsdag.

TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 ah346@kyrkja.no

Felles e-postadresse til kontoret:

post.gulen@kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

pj847@kyrkja.no

GULEN KYRKJELEGE RÅD/**FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

bodil.bjorlo.takle@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/gulen

FACEBOOK: Kyrkja i Gulen.

Redaksjonen

Innsendingsfrist til neste nummer, som kjem i mars: **25. februar.**

Med orda nedanfor, skrivne av ukrainarar som kom til Hyllestad perioden 2022-2025, ønskjer redaksjonen og kyrkjekontoret lesarane ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år. Vi må aldri gje slepp på draumane våre om ei betre verd, med fred på jorda.

Frå hjarte til hjarte

- Av og til fører livet oss langt bort frå heimen, frå dei kjende gatene, frå den jorda vi vaks opp på. Vi valde ikkje desse omstenda, men vi valde livet. Vi valde Noreg fordi vi ville leve, oppdra barna våre og drøyme om framtida.



Foto: Privat

Julekort

Ein gong fekk mor mi eit julekort som begynte slik: «Kjære Jesus». Vi lo mykje av det kortet. No hugsar eg ikkje lenger kven avsendaren var. Men eg tenker at han eller ho sikkert var vant til å be, og fann ro og styrke i å be til Jesus. Så i ei stille kveldsstund

med ein bunke julekort framfor seg og tankane i flyt, var det kanskje mest nærliggande å skrive nettopp det: Kjære Jesus.

Sjølvs er eg veldig glad i å få julekort. Eg prøver å sende nokre frå meg også. Eg synest det er fint å skrive til slekt og vener om året som har gått, korleis vi har det i familien, og kanskje også med ein refleksjon over hendingar i verda som har gjort inntrykk på oss. Til det siste vil det i alle fall vere mykje å ta av når dette året går mot slutten.

Bibelen inneheld mange brev. Kanskje ikkje akkurat julebrev, men elles med mykje som liknar på dei breva vi sender i denne tida: Med stor omsorg for mottakarane og med gode råd for korleis ein skal leve saman i kyrkjelydane og vere truverdige vitne om trua på Jesus Kristus.

Og ikkje minst: Med overtydande glede og kjærleik til Gud som har gjeve oss den finaste av alle gåver: Jesus Kristus. Gåva som har gjeve evig von.

Eit brev vi kan lese i juletida, er brevet frå Paulus til kyrkjelyden i Roma. Der minner han både kyrkjelyden og oss om barnet som vart født i Betlehem, han som kom frå Gud og som gav oss vona som gjer at vi kan få del i den himmelske gleden:

Isais rotskot skal koma, han som reiser seg og rår over folka, til han skal folkeslaga setja si von. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på

*von ved Den heilage andens kraft.
(Rom 15, 12-13)*

Denne jula skal vi igjen verkeleg kunne seie: Kjære Jesus! For Jesus er vona vi har fått del i. Vona som vaks fram or ein kvist – eit rotskot. Barnet som kom til verda i mørke og kulde er han som kom med frelse for alle menneske. Det er verkeleg slik Paulus skriv så oppmuntrande i brevet sitt: Vi kan vere rike på von ved den heilage andens kraft!

Kanskje er det ei erfaring at det er ut frå det som er stussleg og lite, det vi tenkte små tankar om, at noko vakkert vaks fram?

Vi kan tenke på vårt eige liv og sjå at der er spor attende til ein stad der det var håplaut, der livet var mørkt, der ein ikkje såg von for morgondagen. Men midt i det som var mørkast og mest utan von, har vi fått lovnad om det som skal kome som skulle vise seg å gjere ein skilnad.

I mørket i stallen opna det nyfødde barnet augo og såg sine medmenneske med Guds blikk. Han kom med lyset. Der var Gud. Så om eg skulle skrive ei julebøn dette året, ville den vere slik:

*Kjære Jesus, det er du som skal kome.
Av den tørraste kvist
skal von springe fram.
Av det som ingen rekna for noko,
skal liv bryte fram.
Vi gler oss til du kjem.
Vi treng at du kjem
Amen.*

Biskop Ragnhild Jepsen

Lys vaken

Me samla ein fin gjeng til Lys vaken i Gulen kyrkje laurdag 15. november. Me hadde aktivitetar både ute og inne, lysstafett, symboljakt, hobbyverksemd med meir. Sjølvstekt var det servering av mat også. Me pynta kyrkja klar til gudstenesta på søndag 16. november, og øvde oss på det me skulle bidra med der.

Søndag var Lys vaken-gjengen svært deltaktige i gudstenesta. Mellom anna tente dei lys, las bøn, hjalp til ved nattverd og styrte skjermene. Ei rørende og fin gudsteneste vart det.



Takk til dei frivillige vaksne som stiller opp og hjelper til.
Åse Haugen, trusopplærar

Å få presten på besøk

Å få presten på besøk skal ikkje vere noko stort nummer. Du treng ikkje vente til alt brenn, eller lure på om problemet ditt er «alvorleg nok».

Om noko gneg i kroppen, om du er sliten, uroleg, sint på Gud, eller berre har lyst til å snakke med nokon som held tett – då er det grunn nok.

Eg kjem som eit medmenneske med tid, og med ei tru, og sit gjerne ved kjøkkenbordet. Vi kan snakke om tru og tvil, om sorg, glede, skam og håp – eller berre om livet slik det faktisk ser ut akkurat no, utan filter og fromme ord. Du treng ikkje ha øvd på det du vil seie. Det held at du seier: «Kan du komme?»

Det eg sjølv set aller høgast, er at eg får sleppe inn i livet til folk på denne måten. At eg får sitje i stova, høyre historia di, dele stilla, lytte til det som nesten ikkje har fått ord før.

Det kjennest ofte som om å få gå inn på heilag grunn – midt i eit heilt vanleg hus, med vask som ventar og ein katt som insisterer på å ligge i fanget.

Den tilliten tek eg ikkje lett på.

Alt du deler, blir verande mellom oss. Det går ikkje vidare til nokon journal. Samtalen kan skje heime hos deg, på sjukeheimen, på kontoret eller på ein liten rusletur. Presten har det heilt fint mellom barneleiker og kaffikoppar òg. Terskelen skal vere låg. Om du i det heile tatt tenkjer: «Kanskje eg skulle snakka med presten?», då er det allereie grunn nok. Resten – det å

kome, lytte og sette seg ned – det er mi oppgåve. Din del er berre dette: Å opne døra.

Alt godt!

*Håkon Ø. Kinsarvik
Sokneprest i Gulen
976 44 169*

Morgontankar

Kvar morgon startar eigentleg likt: Eg vaknar, strekkjer meg etter mobilen og må berre gjennom ein liten bunke aviser før eg kjem i gang. Det er nesten som om eg trur at verda har funne på noko ekstra dramatisk denne natta då eg sov. Eg veit jo at dette er ein uvane, men samtidig ein av dei mindre problematiske.

Uvanar er som oftast seige, og heilt ærleg: Eg er ikkje sikker på om eg eigentleg vil slutte med dei. Det er noko fint med denne stille stunda med kaffi og nyheiter. Når avisrunden er ferdig, blir det gjerne litt tilfeldig klikking og småting.

Men her kjem eit lite, men praktisk stalltips frå meg til deg:

Ta ein tur innom kyrkja.no/gulen ein gong i veka. Der ligg det oversikt over kva som skjer i kyrkjene i Gulen, og det er faktisk ganske mykje som skjer i kommunen vår.

Om du så får lyst til å stikka innom ei gudsteneste, kan du ofte finne både tekstane for dagen, litt om temaet og kva salmar som skal syngjast.

Då kan du førebu deg litt – eller berre sjå om det er noko som treffer deg.

Håkon



Privat julekort. www.papirkompaniet.no

No koma Guds englar med helsing i sky

Eit glimt frå norsk kyrkjarahistorie

«Når kyrkjefolket i Lårdal i Tokke trør inn i kyrkja si 1. juledag 1884, finn dei til si undring papirark lagde ut i benkeradene. På papiret er nokre songtekstar trykte, tre salmar. Medan dei ventar på at gudstenesta skal ta til, les dei det som står skrive. Språket verkar framandt og underleg – for salmar å vere, men likevel kjent og nært. Orda liknar deira eige talemål. Prost S. P. Sønnichsen stig fram og helsar Guds fred og vel møtt. Derneft bed han kyrkjelyden stemme i den første salmen dei finn på arket, *No koma Guds englar med helsing i sky*. Og så syng dei med, først varleg og famlande, men etter kvart som dei kjenner seg tryggare, bårar juletonen gjennom kyrkja ved Bandak sjø. Stunda er historisk. For første gong blir ein salme sunge på landsmål.»
(Sitat frå Oddgeir Bruaset si bok «Det lyser i stille grender», side 162)

Tekstforfattaren det er snakk om her, er Elias Blix, den første nynorske salmediktaren vår. Men då han gav ut

det første heftet med salmar på landsmål i 1868, vart det stor oppstandelse. Dette var noko radikalt nytt, og det kom mange spottande ord. Somme kalla det jamvel å spotte Gud. Med all denne kritikken vart Blix i tvil om han skulle halde fram med salmedikting; - kanskje han ville skade Guds rikes sak meir enn han gagna det? Men takka vere stor støtte frå vener som Landstad, Ivar Aasen og A. O. Vinje, heldt han fram med å skrive salmar.

Den før nemnde prost Sønnichsen i Lårdal søkte Kyrkjedepartementet om løyve til å bruke salmane til Blix, men fekk ikkje svar. Han gjorde det likevel. I «Lårdalssoga» står det om han:

«Sønnichsen vart godt lika. Han hadde samhug med landsmålet, og i joli 1884 let han kyrkjelyden i Høydalsmo og Lårdal syngje or «Nokre salmar» av Blix, til stor glæde for mange i forsamlingen.»

Etter kvart stilna kritikken mot Blix. Då var salmar som *Med Jesus vil eg fara, Jesus, du er den himmelveg, No livnar det i lundar* og fleire alt blitt kjende og kjære.

No koma Guds englar har 8 vers.

Vi tek med fem av dei her.

Guds fred er overskrifta Blix nytta i originalutgåva av salmen.

GUDS FRED

*No koma Guds englar med helsing i sky,
 Guds fred og velsigning dei bjoda.
 no stig ifrå jordi ein helgasong ny,
 som skal gjennom himmelen ljoda:
 Guds fred og vel møtt,
 du barn som er født!
 Vår fredsfyrste høgt vere lova!*

*I djupaste mørker vart himmelen klår,
då stjerna av Jakob seg viste.
I hardaste vinter det grønkar som vår,
og fagraste knupp spring av kviste.
Guds fred og god jol med sumar og sol!
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

*No ljodar ein lovsong frå alle Guds born,
på alle folks tunger dei kveda.
Så vide som klokkene kima frå tårn,
stig tonar av hugnad og gleda.
Alt kling som i kor: Guds fred over jord!
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

*Lat gjetordet ganga frå grend og til grend
så vide som tunga kan mæla,
om Sonen som er oss frå himmelen send
all verdi til siger og sæla!
Syng ut i kvar bygd: Guds fred ifrå høgda!
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

*Den freden meg fylgje frå vogga til grav,
meg hugge i såraste suter!
Så seier eg når eg frå verdi fer av
og døyande hovudet luter:
Guds fred og farvel! No sovnar eg sæl.
Vår fredsyrste høgt vere lova!*

- Eg vil lovsyngja Gud på vår tunga,
det var visjonen Elias Blix hadde, i ei
tid då det var dansk dei lærte i skulen.
Og lovsong, glede og høgtid tonar
mot oss i denne salmen.

Slik Blix ofte gjer i salmane sine,
nyttar han seg av musikken i språket,
med lydmålande ord, bokstavrim
(sumar/sol, ljodar/lovsong, kling/kor,
siger/sæla, freden/fylgje) og ord med
musikalsk meningsinnhald (gjennom
himmelen ljoda, klokkene kima frå
tårn, tonar av hugnad og gleda, alt
kling som i kor, syng ut i kvar bygd).

Og Blix gjer slik M. B. Landstad
hadde gjort 14 år tidlegare i salmen

*Fra fjord og fjære, fra fjell og dype
dal: Han set juleevangeliet inn i eit
norsk landskap, ved å bruke ord som
grend og bygd.*

Elias Blix gav ut fleire salmehefte, og
i 1892 vart «Nokre Salmar» - som då
hadde 150 eigne og omsette salmar,
godkjent til bruk i kyrkja.

Kyrkjelydane kunne sjølv bestemme
om dei ville ta i bruk dette tillegget til
salmeboka, og alt same året vart det
innført i Ranum og Skage i Overhalla
i Namdal, som dei første i landet.

Andre stader, der talemålet låg det
nynorske skriftspråket nær, tok det
lenger tid. I gamle Åkra kommune på
Karmøy gjorde skulestyret i 1910
vedtak om å forby skulane i kommu-
nen å syngje landsmålssalmane til
Elias Blix, men i ei røysting i Åkra
kyrkje i 1926 vart det fleirtal for å ta
dei i bruk.

Så litt om melodien til *No koma Guds
englar*. Som meloditilvising har Elias
Blix skrive: *Tone: Det hendte sig
Jefta den Gileads Mand*. Dette var ei
bibelsk vise av Petter Dass, med
folkemelodi. Og no siterer eg Ingrid
Gjertsen, som har undervist i folke-
musikkvitskap ved Griegakademiet:

- Det er både modig og forutseende av
Blix å skrive salmen til en folketone så
tidlig som i 1870, i en tid da folkelig
salmesang i kirken enda ikke var
kommet inn i en autorisert koralbok.
Det skjedde først med Koralbok for
Den norske Kirke i 1926. I og med
autoriseringen av «Nokre Salmar» i
1892, er dette den første norske

folkemelodi godkjent til kirkebruk. I folketradisjonen finnes mange melodivarianter til «Det hendte sig Jefta».

Eit tips: Gå inn på YouTube eller ei strøymeteneste og leit opp «No koma Guds englar»!

Bjarne Tveit

Kjelder: Bakken, Olav T: Lårdalssoga
Fyllingsnes, F: Karmøys historie 1900-1950
Holter, Stig W: Nytt norsk salmeleksikon

Salmebøker i Gulen

Thomissøns salmebok (1569) var den einaste godkjende salmeboka i Danmark/Noreg på den tida, men eg veit ikkje når dei tok henne i bruk her hos oss.

Kingos salmebok vart teken i bruk i år 1700 i Brekke. I den gamle rekneskapsboka for Brekke kyrkje, *Breche Kierches Regenschab*, står det i inventarlista for år 1700: «*I Ny Psalmebog in octavio Kiøbt A 1700.*» Det må vere Kingos salmebok, sidan kongen i 1699 gav ordre om at alle kyrkjer i Danmark/Noreg skulle ta denne i bruk. Vidare i inventarlista står det at kyrkja har «*2 Gamle Psalmebøger*». Det må vere Thomissøns salmebok.

Landstads salmebok vart teken i bruk i Brekke i 1873 (Bygdeboka bind I).

Om **Elias Blix** sine **Nokre Salmar** frå 1892 les vi i *Målreisingsoga i Sogn og Fjordane* at Fresvik var dei første i fylket som tok dei i bruk, i 1898. Så kom Brekke i 1900, med merknaden:

«Ikkje sikkert at det var det aaret, det kan ha vore aaret fyrr eller aaret etter.»

I Gulen vart dei innførte i 1906, med 113 mot 20 røyster, og i Mjømna same året, med 70 mot 58 røyster.

I Brekke vart **Nynorsk Salmebok** teken i bruk i 1926, året etter at ho kom ut (Bygdeboka bind I).

Bjarne Tveit



Teikning: Privat

Litt meir salmebok-historikk

Då unionen med Danmark tok slutt i 1814, var det tre godkjende salmebøker i Danmark-Noreg: **Thomissøns**, **Kingos** og **Høegh-Guldbergs salmebøker**. Desse var sjølvsaft på dansk.

I 1840 begynte arbeidet for at Noreg skulle få si eiga salmebok. Oppdraget blei gitt til **M. B. Landstad**, og hans salmebok frå 1869 blei raskt den mest utbreidde.

I 1873 fekk **Andreas Hauge** (son til Hans Nielsen Hauge) godkjenning for

si *Psalmebog for Kirke og Hus*, som ein del kyrkjelydar tok i bruk.

I 1892 blei 150 salmar frå **Elias Blix** si samling **Nokre salmar** godkjende til gudstenestebruk. Seinare blei dei tekne inn som eit tillegg bak i boka til Landstad, nummererte i flukt med dei andre 634 salmane.


Målrørsla vart styrkt etter kvart, og mange var skuffa over at Landstads salmebok ikkje hadde fleire nynorsk-salmar. Dermed tok Det Norske Samlaget initiativ til ei eiga salmebok. Det vart gjort avtale med sokneprest Anders Hovden og biskopane Bernt Støylen og Peter Hognestad om å lage eit utkast. Etter fire års arbeid kom **Nynorsk Salmebok**. Den blei autorisert i statsråd **18.12.1925**, og har såleis 100-årsjubileum i desse dagar. Boka hadde berre nynorske salmar, men fekk alt i **1927** inn 200 bokmåls-salmar i tillegg til dei 711 nynorske. **Landstads reviderte salmebok** kom i **1926**, og i mange år var denne boka og Nynorsk salmebok omtrent eine-rådande i kyrkja.

I 1954 vart det nedsett ei salmebok-nemnd som skulle arbeide med ei ny felles salmebok som kunne avløyse både Landstads reviderte og Nynorsk salmebok. Første utkastet kom i 1967. Seinare kom **Salmer 1973** som eit tilleggshefte til dei eksisterande bøkene, med mykje nytt stoff, og etter omfattande høyringar og revisjonar vart den første salmeboka for begge målføre godkjend: **Norsk Salmebok 1985**.

13 år seinare kom **Salmer 1997** som

eit nytt salmeboktillegg, med endå meir nytt stoff. Og etter nye 16 års arbeid kom boka vi har i dag:

Norsk Salmebok 2013. Den vidarefører kjernestoffet frå den forrige boka og 1997-tillegget, men har òg mykje nytt både av heimleg stoff og stoff frå den verdsvide kyrkja. Boka har 991 nummer (899 vanlege salmar og resten bibelske salmar og liturgiske ledd). Det er 45 salmar fordelte på dei tre samiske språka, og 15 salmar på kvensk. I tillegg er det salmar på svensk og engelsk, og enkeltsalmar på ei rekkje andre språk.



«M.B. Landstads Kirkesalmebog, skole-utgave» frå 1906, har 10 sider med bilete av norske, danske og svenske salmebok-utgivarar og salmediktarar som eit tillegg bak i boka. Foto: Anne Tveit

På jakt etter den gamle song- og salmeskatten vår

- Eg står med ei gammal Landstads salmebok i handa. Boka er fillete og skjør etter mange års flittig bruk – med blad så tynne at eg knapt torer å bla, og med gotiske bokstavar som er vanskelege å forstå. Kan vel dette

vere nokon skatt å ta vare på?
For meg er svaret absolutt ja. For på tittelsida i boka finn eg kanskje – med sirleg handskrift – namnet til bestefar, oldemor eller gamle tante Anna. Og plutseleg er det som om eg får ei personleg helsing frå forfedrane mine. Her står eg med noko av det som gav dei trøyst og von i glede og sorg, i freds- som i ufredstider. Dei forstod nok ikkje alt av tungt språk og snirklete gotiske bokstavar dei heller, men song gjorde dei likevel. Gamle bestemor var god læremeister, og etter kvart festa dei gamle songane og tonane seg som kjære minne:

*Du være lovet, Jesu Krist,
At Menneske du vorden est,
Og kommer som vor Broder kjær,
Thi glæder sig al Himlens Hær!
Halleluja!*

Ein forfattar sa følgjande om dei vanskelege åra på 17-1800-talet, då avlingane slo feil:

«Det var silda og salmeboka som heldt dei oppe».

I Gulen, som andre stader, ligg det mange song- og salmeskattar lagra i bokhyller og på loft rundt omkring i heimane. Kanskje vi skulle bruke litt av juletida til å pusse støvet av desse gamle bøkene? Det kan vere song- og salmebøker, – eller anna interessant som måtte dukke opp. Ta gjerne eit foto av «skatten» og send til redaksjonen eller kyrkjekontoret. Kanskje finn vi ut kven som eig den eldste boka i kommunen? Eller kanskje nokon har ei førsteutgåve av Nynorsk


Salmebok, den med berre nynorske salmar?

Ekstra fint er det om du sender med eit notat med opplysningar som knyter seg til det du finn.

God jul, - og god skattejakt!

Anne Tveit

Kjelde: Store norske leksikon, artiklar av Stig Wernøe Holter og Per Halse



Endringar i Gulen kyrkje

Etter vedtak i soknerådsmøte 25.06.25 har Gulen kyrkjelege fellestråd søkt Bjørgvin bispedømme om å få fjerne nokre benkar i Gulen kyrkje.

Hovudårsaka for behovet er:

- * Forbetring av rømmingsvegar og branntryggleik
- * Betre fysisk tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne
- * Tilrettelegging for barnefamiliar og ulike brukargrupper
- * Auka fleksibilitet for fleire typar arrangement


Behov for tilpassing i eit verna bygg

Gulen kyrkje er ei trekyrkje frå 1863, oppført etter teikning frå Georg Andreas Bull, og er listeført som særleg bevaringsverdig.

For å kunne halde fram som eit aktivt, levande rom i dagens kyrkjelydsliv, er det naudsynt å gjere visse justeringar. Særleg handlar det om fysisk tilrettelegging og funksjonalitet. Per i dag møter fleire grupper barrierar i kyrkjerommet. Rullestolbrukarar og personar med rullator manglar tilstrekkeleg plass, utan å vere i midtgangen eller ved naudutgangen. Barnevognar kan hindre rømmingsvegar, og fleire funksjonar (kyrkjekaffi, samtalegrupper, kulturarrangement m.m.) krev fleksibilitet i rommet.

Etter branntilsyn i mars 2025 vart maks kapasitet redusert frå 700 til 336 personar, utan tiltak/vakt. Det har ikkje vore besøkande i kyrkja dei siste 15 åra på over 480 personar.

Ved å fjerne dei aktuelle benkane er det framleis mogleg å få inn så mange på ein trygg måte, med brannsikrings tiltak.



Prioriterte endringar: Pri.1:

Fjerning av to benkar på kvar side av midtgangen vil gi plass for rullestol/ barnevogn på venstre sida, og plassering av lysgloben på høgre sida, så den blir meir tilgjengeleg.

Pri.2: Fjerning av to benkar på venstre sida bak (slik det er no på høgre sida for kyrkjekaffi), vil gi rom for leikekrok, samtalegrupper m.m.

Pri.3: Fjerning av éin benk på kvar side framme, for betre tilkomst til kjøken og korområde. Det er viktig ved gravferder og konsertar.

Gravferdsbyrå og pårørande har meldt om trong plass framme ved kista.

I brev av 09.10.25 har Bjørgvin bispedømme/Riksantikvaren godkjent endringane.

Planen er å få utført Pri.1 og Pri.2 rett over nyttår, i januar 2026.

Pri.3 vert gjennomført seinare.

Ingunn Sognnes, kyrkjevevjerje

Skulearbeid utstilt i Gulen kyrkje

- Det er ei tid for alt, heiter det. Her gjeld det utstillinga som skulane på Dalsøyra og i Eivindvik laga i samband med 150-årsjubileet for Gulen kyrkje i 2013.

Utstillinga er no teken ned, etter å ha stått i kyrkja i 12 år. Vi har gitt melding til skulane og spurt om dei vil ha arbeida tilbake, men har ikkje fått respons enno. No ligg tinga lagra i kassar på kontoret vårt, men der kan dei ikkje bli ståande.

Dersom ingen melder tilbake at dei vil hente noko av det, blir mesteparten kasta. Frist for henting: 31.01.2026.

Ingunn Sognnes



Foto: Privat

Gravplassane og grav-minna

Viser til det som stod i forrige blad om gravplassane og om oversikten over graver utan festarar. Takk til alle som har teke kontakt! Vi har fått oppklara ein god del, både med namn på nye festarar, og om graver som kan slettast. I dei tilfella der vi verken har namn eller noka form for tilbake-melding, kan gamle graver bli sletta til våren. Nokre spørsmål går igjen, og difor skal eg prøve å oppklare ein del begrep som vi som jobbar med dette, ofte nyttar, men som kan vere litt «gresk» for folk flest.

* Fredingstid: Etter vedtektene for gravplassane i Gulen er fredingstida vanlegvis 30 år, med unntak av to felt på Mjømna, som har 40 år, og Rutle gravplass, som har 60 år. Urne har 20 års fredingstid.

* Fri grav: I fredingstida er det fri grav for alle som er heimehøyrande i Gulen, eller som av helsemessige grunnar har budd ein annan stad dei

siste fem åra.

* Utanbygds busette som ynskjer gravplass i Gulen, har ikkje rett på fri grav. Festeavgift må då betalast frå gravlegging, og pårørende må også betale for seremoni og nedsetjing av urne eller kiste på gravplassen.

* Urne kan setjast ned i ei kistegrav i fredingstida, då den vert sett oppå kista. I ei kistegrav kan det vere 4-6 urner.

* Festeavgift: Når fredingstida er ute, kan ein velje å feste grava vidare, vanlegvis for fem år om gongen. Då må ein betale festeavgift. Pr. 01.01.25 er festeavgifta 1.250 kr for ei enkeltgrav, og 2.500 kr for ei dobbeltgrav. Alternativet er å slette grava.

* Sletting av grav: Då blir gravminnet fjerna, og grava kan gjenbrukast. Fjerning av gravminnet vert utført og betalt av Gulen kyrkjelege fellesråd.

* Enkeltgrav: Ei grav, med eitt gravminne.

* Dobbeltgrav: To graver ved sida av kvarandre, vanlegvis med berre eitt gravminne. Dette gjeld oftast ektefeller eller andre familiemedlemmer som er gravlagde attmed kvarandre.

* Festar for ei grav: Alle graver må ha ein festar; ein som står ansvarleg for grava med gravminne. Festar må syte for at gravminnet står støtt, og evt. få det retta opp viss det blir skeivt.

* Plantefelt: Ein gravstad kan berre ha eitt plantefelt (sjølv om de er ei dobbeltgrav). Dei fleste ønskjer plantefelt, gjerne avgrensa med innramming som må flukte med terrenget. Det er ikkje høve til å plante noko utanfor plante-

feltet, verken på sida eller bak. Det er ikkje krav om plantefelt på ei grav.

* Planting: Små plantar veks fort i vårt milde klima. Plantane må ikkje bli så store at gravminnet etter kvart vert skjult.

* Lause dekorgjenstandar og gravlys må plasserast slik at ikkje vind og fuglar tek tak i dei. Bruk helst gravlys som kan festast med spyd nedi bakken, då står det trygt. Hugs å ta med heim batteri frå brukte gravlys.

Takk til alle som er med på å halde gravplassane i Gulen ryddige og fine, og som steller gravene til sine med blommar og lys.

Til dykk som etter kvart kjenner på at de ikkje lenger greier å stelle gravene slik de gjorde før, så hugs at eit gravminne ikkje treng å ha plantefelt.

Gravminnet kan stå, og når ein fjernar eventuell innramming som ligg der, så vil graset vekse inntil steinen og blir teke med når gravplassen blir slått.

Ingunn Sognnes

Graver som manglar festar på Gulen gravplass i Eivindvik

Årstalet står for utløp av fredingstid/ fornying av feste.

2025	Johannes Njøs
	Bertha Henrikke Njøs
2014	Ragna Bredvik
2014	August Bredvik
2006	Astrid Haveland
1996	Martinus Haveland
2012	Mathilde Marie Meyer

	Petra Lange-Nilsen
2000	Signy Marta Opdal
2033	Sygni Sørensdtr. Virkesdal
	Jørgine Virkesdal Olsen
2045	Leif Mongstad
2018	Ragna Eivindvik
2016	Olai K. Nordgulen
2023	Lars Martin Fivelsdal
2016	Erik Emanuel Johansen
	Fivelsdal
2038	Randi Austgulen
2012	Anna Kolve Eide
2012	Harald Eide
2018	Astrid Haveland
2018	Hans Haveland
2026	Anna Losnegard
2025	Albert Johan Nettelend
2025	Nikolai Martin Bakke
2023	Harald Johan Glosvik
2023	Aslaug Brendsdal
2026	Hans Svardal
2021	Kolbein Kvamme
2020	Edvard Brandsdal
2018	Karen Marie Dale
2018	Jakob Andreas Nettelend
2015	Gjertine Storenes
2015	Herman H. Merkesdal
2014	Oline Strømme
2022	Ivar Mongstad
2013	Olav Emil Børilden
2014	Anders Glenjen
2012	Berthe Høyvik
2012	Margit Fivelsdal
2011	Ingrid Johanne Glenjen
2027	Anna Dingen
2009	Hansine Dingen
2020	Frank Arne Michaelsen
2020	Kari Michaelsen
2021	Olai Dingen
2021	Oline Dingen

Takk

Vi ønsker å takke alle som deltok i Martha Opdal sin begravelse. Takk for alle blomster og hilsener. Ein stor takk til Håkon Økland Kinsarvik, som gjorde dagen verdig for oss alle. Vil rette ein spesiell takk til tilsette på Gulen sjukeheim, som har gjort oppholdet til Martha trygt og godt.

Ivar Opdal m/familie

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var til stades ved vår mamma Elsa Kløvtveit si gravferd.

Ei varm takk til alle som har vist omsorg, sendt blomster, kort og helsingar. Takk til dei tilsette ved Gulen sjukeheim for god omsorg.

Turid, Randi og Eli m/familiar

Hjertelig takk

Hjertelig takk for all vennlig deltagelse, blomster og oppmerksomhet ved vår kjære Jan Tormod sin bortgang og begravelse.

Vil også takke alle som har hjulpet oss i en tung tid.

Eva Nordgulen

Jørgen Nordgulen m/fam.

Nytt frå kyrkjelydane

Døpte:

GULEN SOKN:

26.10.25: Leo Ones.

26.10.25: Adam Molde Lervaag.

16.11.25: Hans Magne Rasch.

Døde:

BREKKE SOKN:

24.10.25: Bjørn Takle, f. 1926.

GULEN SOKN:

11.10.25: Olaug Sognefest, f. 1949.

25.10.25: Odd Svaberg Midtun, f. 1965.

08.11.25: Trygve Nesse, f. 1928.



Songkoret Spleis under fjorårets julekonsert i Gulen kyrkje. Foto: AT

Julekonsertar

Gulen kyrkje:

Laurdag 13.12. kl. 16.00.

Mjømna kyrkje:

Søndag 14.12. kl. 18.00.

Brekke kyrkje:

Laurdag 20.12. kl. 16.00.

Juleandaktar

Brekke bu- og omsorgssenter:

9. desember kl. 10.30. Juleandakt og førjulssong.

Byrknes bu- og omsorgssenter:

16. desember kl. 15.30. Adventsgudsteneste.

Gulen sjukeheim/Eivindvik bu- og omsorgssenter:

Gulen kyrkje 17. desember kl. 12.00: Gudsteneste. Open for alle.

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

17. desember kl. 16.00. Juleandakt og førjulssong.

Andaktar i januar/ februar

Gulen sjukeheim:

21. januar kl. 12.00.

18. februar kl. 12.00.

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

21. januar kl. 16.00.

18. februar kl. 16.00.

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

27. januar kl. 11.00.

25. februar kl. 16.00.

Brekke bu- og omsorgssenter:

27. januar kl. 16.00.

25. januar kl. 11.00.

Juletreff i Brekke

Velkomen til juletreff i **Brekke bedehus laurdag 27. desember kl**

15.00. Gang rundt juletreet

Julematbuffet. Kollekt

Gratis inngang.

Alle er velkomne!

Brekke kristelege ungdomslag

Julefest på Byrknes

Det blir julefest på Byrknes bedehus

søndag 4. januar kl. 16.00.

Andakt. Mat. Kaffi/brus.

Gang rundt juletreet. Leikar.

Velkommen til små og store!

Arr.: Barneforeiningen

Nyttårssamling i Brekke kyrkje

Det blir samling i Brekke kyrkje

nyttårsaftan kl. 23.00. Vi syng salmar,

les litt tekst, og så har me gløgg i lag før me ser på nyttårsrakettane.

Cathrine Waage Tveit



Kyrjekalenderen

Laurdag 13.12.:

Gulen kyrkje kl. 16.00: Julekonsert.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

14.12., 3. søndag i advent:

Mjømna kyrkje kl. 18.00: Julekonsert. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Onsdag 17.12.:

Gulen kyrkje kl. 12.00 Seniorgudsteneste v/Håkon Kinsarvik.

Ikkje offer. Open for alle.

Laurdag 20.12.:

Brekke kyrkje kl. 16.00: Julekonsert.

Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

24.12., Julaftan:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

Brekke kyrkje kl. 13.30 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens Nødhjelp.

25.12., 1. juledag:

Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

26.12., 2. juledag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Redd Barna.

28.12.: Ikkje gudsteneste

31.12., Nyttårsaftan:

Brekke kyrkje kl. 23.00:
Nyttårssamling.

04.01., 11.01., 18.01. Ikkje gudstenester.

25.01., 4. søndag i openberringstida:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

Mjømna kyrkje kl. 19.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i Mali.

01.02.: Ikkje gudsteneste.

08.02., Kristi forklaringsdag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Alværa misjons-senter.

Gulen kyrkje kl. 13.30 v/Håkon Kinsarvik. Dåpsgudsteneste.

Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Sjømannskyrkja.

15.02., Fastelavnssøndag:

Alværa kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Konfirmantleir. Offer: Alværa misjons-senter.

18.02., Oskeonsdag:

Gulen kyrkje kl. 19.00 v/Håkon Kinsarvik. Samtalegudsteneste. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

22.02.: Ikkje gudsteneste.

01.03., 2. søndag i fastetida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer.

Mjømna kyrkje kl. 16.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kyrkjelyds-arbeidet. Soknemøte.

08.03.: Ikkje gudsteneste.

15.03., 4. søndag i fastetida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Soknemøte.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet. Soknemøte.

22.03.: Ikkje gudsteneste.

29.03., Palmesundag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer.

02.04., Skjærtorsdag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

03.04., Langfredag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik.

05.04., Påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS.

Brekke kyrkje kl. 19.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS.